



post@gurine.no | www.gurine.no | postboks 197, 5486 Rosendal | bankgiro 3201.50.93659 | org. nr. 896937472

Hordaland Fylkeskommune
07 APR 2016

Hordaland fylkeskommune
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Rosendal, 4.april 2016

Søknad om tilskot til restaurering av galeas Gurine frå **Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto** (Post 400.760 "Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet")

Bakgrunn

Interesselaget for galeas Gurine har søkt om tilskot til fartøyvern for 2014 og 2015 og fått tildelt kr 50 000 frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto kvart år. Riksantikvaren har ikkje godkjent prosjektet vårt med høve til tilskot til fartøyvern sjølv om skuta er 140 år gamal. Grunngjevinga er m.a. at ho har vorte lengd. (med 12 fot i 1959) Fylket har likevel funne midlar under post 400.760 dei to siste åra.

Me har tidlegare brukt søknadsskjemaet til bruk for søknad om "Tilskot til fartøyvern". Søknadsfristen for tilskot til fartøyvern er 1. november og skjemaet er ikkje tilgjengeleg før ein månad før søknadsfristen. Etter det me forstår er det ingen søknadsfrist og heller ikkje eige søknadsskjema for søknader under rådveldeposten. Difor søker me om tilskot utan å bruke skjema. Me legg ved ferdigutfylt skjema me brukte for 2015 søknaden der ein finn historikken for prosjektet vårt. Me vil difor no berre gje ei oppdatering og ta med nye moment og endringar i restaureringsomfanget.

Dugnad

Det er utført 5 400 dugnadstimar i 2015. Til saman er det utført 21 700 dugnadstimar ved årsskiftet. Det er gledeleg at dugnadsgjengen fortset å auka. I liknande prosjekt er erfaringa at entusiasmen minkar etter som tida går.

Aktiviteter i 2015

Hovudaktiviteten i året har vore hudlegging. 7. desember vart det halde fyllingsskål for markering av at den siste hudplanken blei lagd på plass. Garneringa var også på plass ved årsskiftet. Me fekk for lite hudplank og måtte få skore meir på vårparten. Grunnen var at me gjekk bort frå å bruka lerk som hud under vassyta, som var den opphavelege planen, til berre å nytta furu til hud. Dekksbjelkane er også komen på plass. På kjølen har me starta arbeidet med å leggja stålplater under. Sidan skal det leggjast plater på kvar side av kjølen også. Ca 3,5 tonn blir lagt inn slik at det i tillegg til styrking/oppstiving av skuta også blir ei god ballast. Me har vore på skogen å henta eik til rekkestøtter ved fleire høve.

20. juni blei det halde basar i Gurinefjæra med mykje folk samla. Det vart også halde auksjon med Arne Torget som aukjonarius. Netto gav basaren og auksjonen ca 111 000 netto til laget. Meir om framdrifta finn ein på nettsida vår.

Den 5 år lange leigeavtalen me hadde med kommunen om leige av området er no blitt lengd med 30 nye år. Når det no går mot slutten av restaureringsarbeidet ser me eit steg vidare. Me må ha ein stad å leggja skuta om vintrane, der me også kan utføra vedlikehaldsarbeid.

Økonomi

Samla inntekter ved årsskiftet var kr 2 550 000, og utgiftene var kr 2 181 000.

Revidert prosjektplan

Gjennomføringstida er auka med eit år frå opphaveleg plan. Det skuldast at me måtte skifta både baug og akterende. Dessutan har me vedteke at all hud skal skiftast.

Gjenståande arbeid

Mål: Sjødyktig og galeasrigga.

Omfang: Skifta alt defekt. Berre nedste del av spanta og kjølen blir att av det gamle. Nye mastre og rundholtar, innreiing og motor.

Resursar: Dugnad, sponsorar, basar, sal av andelsbrev, sal av effektar, støttemedlemskap, skog, tilskot, Kvinnherad kommune og pågangsmot.

2016: Rekkestøtter Skandekk, dekk, og motormontering.

2017: Topprekke, skansekledning, svinerygg, luke og dekksarrangement og innreiing.

Sjøsetjing og rigging vert når skuta er ferdig. Samla utlegg for interesselaget har me no rekna til kr 3 411 000. Me reknar med at det vil gå med 29 300 dugnadstimar totalt før skuta er ferdig. Verdien av dugnaden er rekna til kr 6 446 000.

Motor

Ein fulloverhalt Gardner 8 LXB på 170 hk er levert og prøvekjøyrd.

Aktiv bruk av Gurine etter sjøsetjing

Etter planen skal Gurine sjøsetjast sommaren 2017 og gjerast seglingsklar med rigg og nødvendig utstyr sommaren 2018.

Gurine kjem til å stå fram som ei ny skute. Det er avtala at skuta skal liggja utanfor Skipsbyggjarmuseet og det nye Folgefonsenteret i hamneområdet i Rosendal i sommarhalvåret. Gurine kjem til å bli eit stort blikkfang for alle besøkjande og vera ein fullskalamodell som viser den lange båtbyggjar-tradisjonen vi har i Kvinnherad. Skuta kjem til å bli open for alle og vera ein mogeleg del av omvisningane i Skaalurensamlinga.

Kva seglingsmoglegheit med passasjerar Gurine får er avklåra med Sjøfartsdirektoratet. Ho blir registrert som fritidsfartøy. Med ein enkel seglingsplan som skildrar aktiviteten kan ho segla med opptil 12 betalande passasjerar pluss mannskap på opptil 8 stk. Alternativt til dette kan Gurine segla med 30 aktive medlemer og andelseigarar. Det er krav til navigasjons-

og redningsutstyr, sikkerhetskurs for 2 av mannskapet og nødvendig sertifikat for skipsførar.

Det er stor interesse frå mange hald omkring bruken av Gurine. Dette gjeld sponsorer og støttespelarar, lokalt næringsliv, kulturelle arrangement og privatpersonar. Hittil er det kome førespurnader om:

- Konsertar og foredrag om bord, helst ved kai.
- Kurs av ymse slag knytta til drift og vedlikehald av trebåtar.
- Kurs for båtførarprøven.
- Servering av lokal mat.
- Lukka lag og selskap.
- Kurs i segling av veteranskuter.
- Kurs i sying av segl.
- Omvisning for besøkjande.


Det er også ein stor del av sponsorane og støttespelarane våre som har ynskje om å kunne leiga Gurine med mannskap på turar. Dette saman med kundar eller tilsette, der segling med Gurine vil vera den store opplevinga. Interesselaget for galeas Gurine vil leggja til rette for dette i god tid før skuta er seglingsklar.

Søknad

Dårlegare utsikter for dei lokale verksemndene som til no har støtta oss, gjer at me ikkje kan påventa same støtta i framtida. Me håper difor at Hordaland fylkeskommune vil støtta oss vidare. Me tillet oss difor å søkja om kr 180 000 Med ein slik sum vil me sikra framdrifta resten av året.

Med venleg helsing

For Interesselaget for galeas Gurine



Kristen Tore Christensen

Vedlegg: Årsmelding for Interesselaget for galeas Gurine 2015

Søknad om tilskot til fartøyvern (2014/23044)

Prosjektplan for Gurine 2015-2018

Rekneskapstal

Biletserie

Andre bilete frå restaureringa kan ein finna på nettsida vår,

<http://gurine.no/>